

## Styremøte Norsk spaniel klubb avdeling Rogaland 16. Oktober 2018.

Innkalt av: Leiar Eva Bjelland.

Møtetype: Styremøte.

Deltakarar: Eva Bjelland, Ketil Simonsen, Aina Sunde Dahl, Hans Hodne, og Elisabeth Førland

Sak ein: Referat frå forrige møte. Referat godkjent. Kommentarar: -Ketil fylgjer opp litt angåande agility. Ber om at det vert sett opp ein plan for treningar og kurs i 2019, og kva som kan gjerast med vedlikehald av banen. -Me er godt nøgde med både familiedag og utstilling. Men me har lært at det nok kan vært lurt å ha litt ekstra mat, av ein type som kan frysast til ein anna anledning om det ikkje vert brukt. Premielista til utstilling må oppdaterast. (Aina og Bente)

Sak to: Evaluering familiedag, jal, og utstilling. -Bra gjennomført. Noko trangt i hallen på utstilling. Utstillingskomiteen leiter etter større hall til neste utstilling. -Hans fekk teke mykje bra bilete av alle rasar, som er tilgjengelege om nokon skulle ønska seg det.

Sak tri: Økonomi. Antall medlemmer: Eva Sjekker.- Vipps for klubben: Me går for vippes go. Det er marginalt dyrare enn vippes nr, og mykje enklare, då ein lagar menyar for det som skal selgast. Aina sett i gang med å ordna dette. -Reknskap utstilling: Kjøp av matter til utstilling føres som andre innkjøp. Det vart ein dyr dommar, med tri hotell overnattingar. Sannsynlegvis vert det Norsk dommar neste år.- Det er og for lenge sidan(i fjar), søkt om støtte frå HS til treningsområdet vårt. Me er lova svar, men det kjem aldri....Me meiner me fortjen eit svar, om det så er eit nei. -Det må og søkjast om å få dekka underskot på jal, og jaktprøvar i desember. Då er det viktig at Aina Kjappast mogleg får oversikt over alle utgifter.

Sak fire: Resterande aktivitetar 2018. -Det gjenstår nokre jaktprøvar. Alt under kontroll, og går etter planen. Det må nå i oktober søkjast om jaktprøvar for neste år. Det vert lagt opp til ein prøve på Jæren, dobbel prøve på Åsvoll, og kanskje i Ølen i september. Årets prøve i ølen vart godt gjennomført, dessverre ikkje så mykje fugl.

Sak Fem: Neste års aktivitetar. -Me byrjar å snusa litt på 2019, mykje det same som før, men og nokre endringar, mellom anna etter ønsker frå medlemmar: Temakveld, med ein dommar til å snakka om anatomi og bevegelsar syns me var ein god ide. Kanskje Børge Espeland, eller Vidar Grundetjern? -Renkar med at spanieltreff fortsett, men me må spørja dei ansvarlege. - Vatnapport treningar vert flytta til tirsdag eller torsdagar. -Det vert pelsstellkurs, både kvardags og utstillingsklypp. Cirka april, både her, og i Haugesund. -Sauereinheit: Me sjekker om det finns fleire instruktørar me kan bruka.(Ketil) -Apportprøvar og familiedag vert nest siste helg i august. -utstilling 14. September. -Lydigheitskurs vår/forsommer: I utgangspunktet Ketil. -Ønske om jaktkurs. Jaktkomiteen tek tak i det. -ønske om (Blod)sporkurs. Aina prøvar å få det til i mai/juni. Sikkert i Brekko.

Eventuelt: NKKs kjøpehund.no, er ein kjempefin stad å henvisa kvalpekjøparar. Link på heimesida? (Forslag til HS.) -Valkomiteen treng nye medlemmer. Me foreslår Ida Anette, og skulle helst ha komt på fleire...

Julemøte hjå Anita 4 desember.